

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		17.03.2020

Tilskot frå statsbudsjettet 2020 kap. 1429 post 79 Verdsarv Bryggen

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver tilskot frå statsbudsjettet 2020 kap. 1429 post 79, tilskot til verdsarven, samt tilbaketrekte tilskotsmidlar frå 2018, til fylgjande prosjekt:

	Søkjjar	Objekt	Tildeling 2020	Førehands- løyving 2021
PB-100 Istandsetting				
1	Stiftelsen Bryggen	Bredsgården 1-2a	2.000.000	500.000
2	Stiftelsen Bryggen	Bredsgården 2a	200.000	
3	Stiftelsen Bryggen	Bredsgården 2b	2.000.000	500.000
4	Stiftelsen Bryggen	Holmedalsgården 6-7b stolpehuset	700.000	
5	Kjetil Hauge v/ Thongård as på vegne av Enhjørningsgården a s	Enhjørningsgården 3a	300.000	
6	Gamle3hus på vegne av Vats	Svensgården 4b	avslag	
7	Gamle3hus på vegne av Vats	Svensgården 4c	avslag	
8	Gamle3hus på vegne av Vats	Svensgården 4d	avslag	
9	Gamle3hus på vegne av Vats	Svensgården 5b	avslag	
10	Gamle3hus på vegne av Vats	Svensgården 5c	avslag	
PB-200 sikring og prosjektering				
11	Stiftelsen Bryggen	Sprinklerrom Enhjørningsgårde n	27.665	
12	Stiftelsen Bryggen	Bredsgården 2d	355.000	
13	Stiftelsen Bryggen	Bredsgården 2e	660.000	
14	Stiftelsen Bryggen	Bredsgården 2f	525.000	
15	Stiftelsen Bryggen	Bredsgården 2g	148.335	
16	Stiftelsen Bryggen	Bredsgården 2h	290.000	
17	Stiftelsen Bryggen	Jacobsfjorden 6a, forprosjekt	125.000	

18	Stiftelsen Bryggen	Jacobsfjorden 6a, forundersøkingar	330.000	500.000
19	Stiftelsen Bryggen	Jacobsfjorden 6b, forprosjekt	125.000	
20	Stiftelsen Bryggen	Jacobsfjorden 6b, forundersøkingar	320.000	500.000
21	Gamle3hus på vegne av Fav	Bredsgården 1a, forprosjekt	250.000	
22	Gamle3hus på vegne av Fav	Bredsgården 1a, forundersøkingar	750.000	1.000.000
23	Gamle3hus på vegne av Hans Hag	Holmedalsgården 9f	220.000	
PB-500 fellesoppgåver				
24	Stiftelsen Bryggen på vegne av alle eigarar	Felles driftsoppgåver	450.000	
25	Stiftelsen Bryggen	Materialbanken	130.000	
Midlar til seinare fordeling				
a		Strakstiltak 2020	1.611.468	
b		Førehandsløyving 2021 for tildeling seinare i 2020		1.000.000

2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering gir fylkesdirektøren fullmakt til å fordele midlar til strakstiltak 2020 og førehandsløyving 2021 helde av for tildeling seinare i 2020 jf. tabellrad a og b i vedtakspunkt 1.

3. Dersom tiltak jf. tabellrad 1-25 ikkje let seg gjennomføre i tråd med føresetnadane for tildelinga, gjev Hovudutval for kultur, idrett og integrering fylkesdirektøren fullmakt til å omfordele midlane til ein eller fleire av dei innkomne søknadane, jf. pkt. 1 ovanfor.

4. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for bruken av tilskota som er fordelt.

--- slutt på innstilling ---

Samandrag

Saka handlar om tildeling av tilskot frå statsbudsjettet 2020 kap. 1429 post 79 tilskot til verdsarven, Bryggen. Kvart år kan eigarane av bygningane på verdsarvstaden Bryggen søkje fylkeskommunen om støtte til sikrings- og istandsettingstiltak. På vegne av eigarane søkte Vestland fylkeskommune om kr 9.000.000,- i tilskot for 2020 frå Riksantikvaren. I brev av 28. februar 2020 tildelte Riksantikvaren kr 8.000.000,- til Vestland fylkeskommune for 2020 og kr 4.000.000,- i førehandsløyve for 2021. Desse midlane skal no fordelast til dei omsøkte tiltaka på Bryggen.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

David J. Sandved
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 20-00416-9 VESTLAND FYLKESKOMMUNE - STATSBUDSJETTET 2019 KAP 1429 - POST 79 - TILDELING OG 1205216_6_1
- 2 Grunnkart Bryggen 2016-2
- 3 Omtaler av søknadar om tilskot frå statsbudsjettet 2020 kap. 1429, post 79
- 4 Retningsliner-og-vilkår-for-tilskot-frå-statsbudsjettet-kap. 1429, post 71-79, 7.mars-2017-Nynorsk

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Riksantikvaren skriv fylgjande om kriterier for tilskot post 79 :

Målet for ordningen er å forvalte verdensarvstedene i tråd med forpliktelsene i Unescos verdensarvkonvensjon og de internasjonale retningslinjene fra Unesco. Formålet med bevaringsprogrammet for de 8 norske verdensarvområdene er å forvalte disse etter beste praksis innen natur - og kulturminneforvaltning. Tildelingskriteriene for post 79 fremgår av Rundskriv T- // 18 («Tilskuddsrundskrivet») fra KLD.

Vestland fylkeskommune har for året 2020 fått inn total 37 søknadar om tilskot frå statsbudsjettet 2020 kap. 1429. post 79 til verdsarv Bryggen og til verdsarvområda Vestnorsk Fjordlandskap - Delområde Nærøyfjorden. Sidan det er ei eiga tilskotsordning for kvart av dei to verdsarvområda, vert tilskota handsama i to separate saker. Denne saka gjeld fordeling av tilskot til Bryggen.

Prosjekt Bryggen er eit langsiktig istandsettingsprogram som skal bidra til sikring og istandsetting av verdsarvstaden Bryggen. Frå 2010 har Hordaland fylkeskommune - no Vestland fylkeskommune - hatt ansvar for å fordele delar av midlane til istandsetting, sikring og nokre fellesoppgåver. Hovuddelen av tilskotsmidlane vert som regel fordelt til istandsetting, og resten til materialbank, felles brannsikringstiltak og felles driftsoppgåver, samt eventuelle forprosjekter og forundersøkingar.

For 2020 er det kome inn 27 søknadar om tilskot til ulike tiltak på Bryggen og samla søknadssum er kr 29.880.579. To av desse gjeld overføring av tilskot for 2019 for bygning 4a og 5a i Svensgården og er difor ikkje ein del av fordelinga i denne saka. Mange av søkjarane har ståande mykje unyttige midlar, inkludert førehandsløyvingar for 2020, som dei ikkje har rekna inn i årets søknadar. I tillegg har fylkeskommunen disponible midlar i form av renteinntekter, tilbaketrekte midlar, omdisponerte midlar og ufordelte midlar. Til saman gjer dette at behovet for nye tilskotsmidlar er lågare enn søknadsbeløpet. På bakgrunn av dette søkte Vestland fylkeskommune Riksantikvaren om kr 9.000.000 i tilskot til Bryggen.

I brev av 28. februar 2020 fekk Vestland fylkeskommune tildelt kr 8.000.000,- i tilskot for 2020 og ei førehandsløyve på kr 4.000.000 for 2021.

Fylkesdirektøren føreslår at delar av dei disponible midlane som skriv seg frå tilbaketrekte midlar mm. vert nytta til istandsetting for 2020, saman med årets tildeling frå Riksantikvaren. Dei resterande kr 1.611.468 vert satt av til strakstiltak, slik at eigarane på Bryggen kan søkje dersom det er naudsynt. Det vil gje eit handlingsrom for å raskt bidra med midlar der det er naudsynt, framfor å øymerke tilskotet til prosjekt der midlane kan ende opp med å stå lenge og ubrukt på konto. Det vert helde av kr 1.000.000,- av førehandsløyvinga frå 2021 for tildeling seinare i 2020.

Vedtakskompetanse

Vedtaksmynde i denne saka er heimla i Reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering: 3 Saker der utvalet har avgjerdsmynde:

- Fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta innanfor sitt arbeidsområde

Vurderingar og verknader

Disponible midlar

Tildeling frå Riksantikvaren for 2020	8.000.000
Førehandsløyve frå Riksantikvaren 2021	4.000.000
Tilbaketrekte midlar frå 2018 som vert omdisponert	2.900.000
Førehandsløyve frå Riksantikvaren 2020	4.000.000
Ufordelte midlar 2018/2019	196.647
Ubrukte rentemidlar til fordeling	414.821

Søknadar 2020

Tal søknadar	27
Tal på søknadar som er tilrådd støtte	18
Søknadssum 2020 frå eigarar	17.278.311
Reell søknadssum (trekt frå tilbaketrekte midlar frå 2018, førehandsløyve 2020, ufordelte midlar 2018/2019 og ubrukte rentemidlar).	9.766.843
Søknadssum 2020 frå FK til Riksantikvaren	9.000.000

Tilbaketrekte midlar

År for tildeling	Prosjekt	Status for prosjektet	Opphavleg tildeling	Tilbaketrekt tilskot	Framlegg til ny tildeling
2018	Svensgården 4a		1.800.000	1.800.000	0
2018	Svensgården 5a		1.100.000	1.100.000	0

Økonomi: Saka gjeld fordeling av øymerka midlar frå statsbudsjettet og påverkar difor ikkje andre sider ved fylkeskommunen sin økonomi.

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Verdsarven er prioritert satsingsområde i kulturplanane.

Vurdering av innkomne søknadar

Tildelinga frå Riksantikvaren utgjør meir enn 80 % av det reelle behovet for nye tilskotsmidlar i år. Dei fleste av søknadene kan difor få høg prioritet, og nokre søknadar har fått innvilga tilnærma heile søknadsbeløpet. Generelt vert det teke omsyn kor mykje ubrukte midlar som er knytt til dei ulike pågåande tiltaka. Det meste av ramma for 2020 vert sett til istandsetting, større sikringsprosjekt, forprosjekt og forundersøkingar.

Istandsettingsprosjekta i Bredsgården vert prioritert, sidan dei er fleirårige tiltak som nærmar seg ferdigstilling.

Svensgården har fleire søknadar som gjeld kompensasjon for tidlegare overflatar og tekniske installasjonar. Det vil seie å bringe innreiinga opp på eit tilsvarende nivå som før istandsettinga starta. Det er overført tilskot for 2019 til 2020 for 4a og 5a i Svensgården, og vi prioriterer ferdig istandsetting av desse før det vert løyvd midlar til arbeid i 4b-4c og 5b-5c. Fylkesdirektøren tilrår difor avslag på søknadane i denne omgang, men ut frå prosjekta si framdrift vil vi i løpet av året vurdere fordeling av straksmidlar 2020/førehandsløyve 2021.

Det er søkt om forprosjekt og forundersøkingar for Jacobsfjorden 6a og 6b, og Bredsgården 1a. Jacobsfjorden 6a og Bredsgården 1a

er frontbygningar. Frontbygningane har store utfordringar med setningsskader og dei treng ei full istandsetting. Eit forprosjekt med påfølgande forundersøkingar vil avdekke skadeomfang og gjere det mogleg at istandsetting kan starte opp til neste år. Slikt sett kan oppstart av desse prosjekta overlape med avslutning på istandsettingsprosjekta i Svensgården og Bredsgården. Forprosjekt og forundersøkingar vert difor prioritert.

Tiltaka i Enhjørningsgården 3a, Stolpehuset 6-7b og Holmedalsgården 9f er mindre, men viktige tiltak som bidrar til sikring og bruk av desse bygningane.

Oppgradering av sprinklaranlegg er eit viktig sikringstiltak og vert difor prioritert.

Fellesdriftsoppgåver og materialbank er laupande oppgåver og dei får tilskot på om lag same nivå som tidlegare år.

Konklusjon

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor og rår hovudutval for kultur, idrett og integrering til å gjere vedtak i tråd med framlegget.